



SELJORD KOMMUNE

Ordfører

Kulturstipendet 2017

Sidan ho var lita har ho vore ein aktiv deltakar innan folkemusikk og folkedans. I 2013 vart ho ansvarleg for dei minste gruppene i Tusseleiken, og sørjde blant anna for at MiniTuss blei ein suksess. Ho har stilt opp kvar torsdag for å lære bort folkedans til born frå Seljord og omegn og ho stiller alltid opp på alle forestillingane Tusseleiken har hatt. I 2016 vart ho styreleiar i Tusseleiken samtidig som ho fortsette som instruktør.

Ho er ei jente som likar å ta ansvar og ha mange jern i ilden. Dei siste åra har ho vore ein sentral medhjelpar til ungdomspresten Petter i konfirmasjonsarbeidet og organiseringa av ungdomsklubben, der har ho gjort ein fantastisk innsats og bidrege til ei positiv utvikling.

Ho har vore aktivt med som frivillig i kyrkja sitt konfirmant- og ungdomsarbeid gjennom fleire år.

På ungdomsklubben i Seljord har ho vore med i klubbstyret sidan ho gjekk på ungdomsskulen og til ho fylte 18 år. I løpet av desse åra var ho nesten aldri borte frå verken møter i klubbstyret eller klubbkveldar på fredagane. Då ho fylte 18 kunne ho ikkje lenger vere med frivillig, grunna aldersgrensa på klubben, og ho gjekk då over i ei betalt ungdomsarbeidarstilling i kommunen, som klubbleiar med delt hovudansvar for å drive klubben saman med ungdomspresten, som ho har hatt sidan.

I konfirmantarbeidet har ho vore med som konfirmantleiar sidan våren 2013, og har blitt ein viktig del av kyrkja sitt felles ungdomsarbeid for Øvre Telemark; Ønsket og Elsket, der ho det siste året og har vore tilsett i ei ungdomsarbeidarstilling i 30%.

Ho har og vore med, som frivillig leiar, i fleire andre tiltak i kyrkja sitt trusopplæringsarbeid, mellom anna: Tysdagsklubben i Seljord, LysVaken overnatting for 11-åringar i kyrkja og 24Hours festival – aktivitetsfestival for 5.-7. klasse.

Årets kulturstipendiat er blid og positiv, ho har mykje omsorg, og har ein veldig god evne til å møte og sjå enkeltpersonar.

Årets kulturstipend blir tildelt **Silje Nilsen Østensen**